

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 53/2003

Møtedato: 5.11.03

Arkiv nr:

HØYRING - NY FORSKRIFT OM JAKT, FANGST OG FISKE I STATSALLMENNING.

Direktoratet for naturforvaltning (DN) har sendt ut nye forskrift om jakt, fangst og fiske i statsallmenning til høyring. Bakgrunnen for ny forskrift er at MD har overført administrasjon av jakt på elg, hjort, rådyr, bever og gaupe til fjellstyra. Intensjon med forskrifta er berre å tilpasse dette til ny administrasjonsordning.

Jakt, fangst og fiske i statsallmenning har vorte regulert av to forskrifter; forskrift om viltforvaltning på statsgrunn av 19.4.1988 og forskrift om korttypar og prisrammer for fiske, småvilt- og villreinjakt i statsallmenning av 17.4.2001. Forskrift om korttypar og prisrammer er innarbeidd i framlegget til ny forskrift som er til høyring. Det er også foreslege mindre endringar av forskrift om viltforvaltning på statsgrunn.

Fjellstyret skal sende høyringsuttale til NFS innan 1. desember. NFS samordnar høyring frå fjellstyra.

Forskrift om jakt, fangst og fiske i statsallmenning

§3. Retten til jakt, fangst og fiske.

Elgjakta har i fleire allmenningar tradisjonelt vore jakt for innanbygds. Etter DVF rundskriv 11/84 vart det innført reglar om at det skulle vera ei rimeleg fordeling mellom innanbygds og utanbygdsbuande ved tildeling av elgjakt. Rimeleg fordeling skulle avgjerast av Direktoratet for Statens skoger i samråd med fjellstyret. Normalfordelinga vart 60 % innanbygds og 40 % utanbygds, regelen kunne fråvikast i særlege tilfelle. Etter m.a. ankesak til DVF fekk Vestre Slidre statsallmenning etter dette 100 % prioritering av innbygds ut frå dei særleg forholda i kommunen.

Lokal vurdering er også innarbeidd i DN forskrift frå 1. april 1988 om viltforvaltning på statsgrunn står det: *All jakt skal bys ut på en måte som er akseptabel for allmennheten. Dersom det er nødvendig å regulere antall jegere, skal det påses at det er en rimelig fordeling mellom innenbygdsboende og utenbygdsboende jegere/jaktlag. Ved vurdering av hva som er rimelig fordeling, skal det blant annet legges vekt på lokalbefolkningens muligheter for jakt innen kommunen.*

Ordninga med 100 % innanbygds prioritering i Vestre Slidre vart støtta av NJFF, ved Stein Lier Hansen, i skriv datert 18.3.93. Dette vart gjort ut frå ei samla vurdering av både storvilt- og småviltjakt i området. Lokale jegerar har lite tilgang til elgjakt utanom statsallmenningen. Det er vidare eit godt tilbod til utanbygds for småviltjakt i allmenningen. Ca. 90 % av småviltjegerane i statsallmenningen er utanbygdsbuande. NJFF skriv at 60/40 fordeling av elgjakta totalt sett ikkje vil gi eit betre tilbod til allmennheita. Dei tilrår derfor at det bør vera rom for å oppretthalde andre ordningar som har fungert godt gjennom mange år, sjølv om dei fråvik fordelingsregelen.

Fjellstyret har fått klare signal frå jegerhald om at ein vil krevja rimeleg balanse mellom innanbygds og utanbygds i småviltjakta og dersom det blir innført endringar for elgjakta. Resultatet vil bli at tilgangen til småviltjakt for utanbygds både med og utan hund blir sterk redusert.

I kommentaren står det at DN ynskjer ein meir heilheiteleg fordelingspolitikk. Fjellstyre som aukar tilgang på jakt for utanbygds til småvilt- og reinsjakt skal derfor kunne tildele større del av elgjakta til innanbygds, men likevel ikkje ut over 60 %. Når hovudregelen er 60/40 fordeling, blir dette utan meining.

Etter eksisterande forskrift kunne 60 % prioriterast for innanbygds og 40 % var opne for alle, inkludert innanbygds. Bakgrunnen for dette er at statistikken syner at det klart større del utanbygds på innanbygds lag enn motsett. Ved ny tolking av DN skal utanbygds lag sikrast minst 40 %, dvs at innanbygds ikkje kan søkje på denne delen som før. Dette må vera ei feiltolking av DN og må endrast.

DN sin kommentar til ny forskrift kan i realiteten brukast til å avgrense fortrinnsretten til innanbygds, sjølv om fordelingspolitikken ikkje er tema for forskriftsendringa. Fjellstyre som har hatt avvik frå normalfordelinga 60/40, skal framleis kunne praktisere dette etter forskriftsendringa. For å hindre mistydingar om fjellstyret har heimel til dette, må kommentaren til forskrifta endrast.

§12: Prisar

Småviltjakt, fangst og fiske: Eksisterande maksimalprisar som er vedteke fram til 2006 er innarbeidd i forskrifta. Det hadde vore ei forenkling om desse prisane kunne regulerast etter prisindeks.

Elgjakt: Det er lagt fram to alternativ for prising av elgjakt. I alternativ 1 er det fastsett maksimalprisar og i alternativ 2 er det lagt opp til at fjellstyret fritt fastsett prisar. Fjellstyra har ynskt lågare pris enn det Statskog har foreslege. Framlegget til maksimalprisar ligg på det nivå Statskog har ynskt.

Forskrift om villforvaltning på statsgrunn.

Det er uklart om denne forskrifta framleis skal gjelde statsallmenning. Overskrifta seier i realiteten at dette gjeld all statsgrunn. Ut frå motstridande ordlyd i dei to forskriftene er det truleg at forskrifta ikkje gjeld statsallmenning.

VEDTAK:

Vestre Slidre fjellstyre har følgjande merknader til høyringa:

Forskrift om jakt, fangst og fiske i statsallmenning

§1.DN sine kommentarane går lengre enn tilpassing til ny administrasjonsordning. Dette må endrast for å hindre mistydingar. Fjellstyra skal kunne kan halde fram med eksisterande fordelingsordning mellom innan- og utanbygdsbuande etter ny forskrift, sjølv om dette fråvik normalfordelinga 60/40. Ordlyden i kommentar 6. avsnitt, siste setning "likevel ikkje ut over 60 %" må gå ut. I staden må teksten frå §1 i forskrift om villforvaltning på statsgrunn (19.4.88) innarbeidast i kommentaren: "*Ved vurdering av hva som er rimelig fordeling, skal det blant annet legges vekt på lokalbefolkningens muligheter for jakt innen kommunen*". For å få samanheng i kommentaren, må i tillegg dei fire siste setningane i andre avsnitt gå ut.

§ 12 Småviltjakt, fangst og fiske. Det bør vurderast om maksimalprisane kan regulerast etter prisindeks i staden for å vedta ny prisrammer med jamne mellomrom.

§12 Elgjakt. Fjellstyra er ikkje prisleiande og det er etter fjellstyret sitt syn ikkje behov for maksimalprisar på elgjakt. Forskrifta bør vedtakast etter alternativ 2.

Forskrift om villforvaltning på statsgrunn.

For å klargjera at denne forskrifta ikkje gjeld statsallmenning, må følgjande ordlyd setjast inn i §1: "Forskriften regulerer jakt og fangst på statsgrunn utenom statsallmenningene".

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.11.03.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: NFS
Vestre Slidre jeger- og fiskarlag
Vestre Slidre kommune
DN